



Saksbehandlar: Ina Therese Sørfonden, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 15/9451-1

## **Valrett til styra i bustadstiftingane til sjukehusa i Sogn og Fjordane**

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget overfører fylkesutvalet sin valrett til styra i bustadstiftingane slik:
  - a. Bustadstiftinga for fylkessjukehuset i Lærdal: to medlemer, blant dei styreleiar, vert valt av styret i Helse Førde, medan ein medlem vert valt av Sogn Regionråd (kommunane i Sogn).
  - b. Bustadstiftinga for fylkessjukehuset på Nordfjordeid: to medlemer, blant dei styreleiar, vert valt av styret i Helse Førde, medan ein medlem vert valt av Nordfjordrådet (kommunane i Nordfjord).
  - c. Bustadstiftinga for sentralsjukehuset i Sogn og Fjordane: to medlemer, blant dei styreleiar, vert valt av Helse Førde, medan to medlemer vert valt av Førde kommune ved bystyret med høve til vidaredelegering til formannskapet.
  - d. Fylkestinget legg til grunn at dei med valrett samordnar seg med bakgrunn i omsyn til styret sitt samla kompetansebehov ut frå stiftinga si verksemd og stiftinga sitt føremål, samt reglane i stiftingslova § 27 om krav til styret si samansettning og § 27a om kjønnsrepresentasjon. Fylkestinget legg til grunn at ein tek omsyn til habilitetsregelen i stiftingslova § 37 ved val av styremedlem.
2. Overføringa av valretten føreset at den som får denne retten aksepterer ei slik overføring.
3. Dersom den som får denne valretten ikkje ynskjer slik overføring, skal valretten overførast til styret i Helse Førde i sin heilskap. Fylkestinget ser i tilfelle ikkje behov for at styret i Helse Førde skal velje styreleiar, men at praksis held fram med at styret vel sin eigen leiar.
4. Fylkestinget ber stiftingane om å søkje omdanning i tråd med dette vedtaket.

Vedlegg:

Vedlegg 1: Bustadstiftinga for fylkessjukehuset i Lærdal

Vedlegg 2: Bustadstiftinga for fylkessjukehuset på Nordfjordeid

Vedlegg 3: Bustadstiftinga for sentralsjukehuset i Sogn og Fjordane, brev dagsett 25.06.2014

Vedlegg 4: Bustadstiftinga for sentralsjukehuset i Sogn og Fjordane, brev dagsett 29.08.2014

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Politisk handsaming av saka**

Fylkesrådmannen har lagt opp til at saka skal til fylkestinget. Spørsmålet om overføring av valretten vart i 2012 vedteke overført til Helse Førde, jf. FT-sak 46/12 (eigarmeldinga). Tilrådinga i saka er ikkje er i samsvar med dette vedtaket og saka må difor attende fylkestinget.

### **2. Bakgrunn for saka**

I sak 46/12 vedtok fylkestinget den 16. oktober 2012 følgjande:

*«Fylkesutvalet får fullmakt til å gjøre naudsynte tiltak, t.d. søkje om vedtektsendring, slik at Helse Førde i framtida vel styret i Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset i Lærdal, Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset på Nordfjordeid og Bustadstiftinga ved Sentralsjukehuset Sogn og Fjordane.»*

I dag er det FU som vel styret i dei tre bustadstiftingane. Ved ei endring i tråd med vedtaket til fylkestinget, vil ikkje fylkeskommunen lenger ha noko ansvar overfor stiftingane.

Fylkeskommunen vil framleis stå oppført som opprettar av desse, med dei rettar som følgjer av stiftingslova.

For å endre kven som vel styremedlemmar i stiftingane må det søkjast stiftingstilsynet om omdanning av stiftingane. Framgangsmåten ved slik omdanning følgjer av stiftingslova kapittel 6 og er gjort nærmere greie for i FU-sak 105/13.

Vedtekten til bustadstiftingane opnar for at styret kan søkje om omdanning. Opprettar har rett til søkje om omdanning etter stiftingslova.

Ein gjennomgang av vedtekten syner at det er hensiktsmessig med revisjon på fleire punkt for å få dei i samsvar med gjeldande lov og for å rette opp namna på to av bustadstiftingane. Fortrinnsvis ynskjer opprettar difor at styret i dei tre stiftingane i samsvar med vedtekten sjølv søker om omdanning.

#### Prosesen etter vedtak i sak 46/12

På bakgrunn av fylkesutvalet sitt vedtak om å gje fylkesrådmannen fullmakt til å gjøre naudsynte tiltak for å gjennomføre omdanning i sak 105/13 sende fylkesrådmannen ut eit likelydande brev dagsett 20.08.2014 til dei tre stiftingane for få ei attendemelding på om dei ynskjar å gjennomføre vedtektsendringane sjølve.

### **3. Hovudpunkta i attendemeldingane frå bustadstiftingane**

I det følgjande blir det gjort greie for hovudtrekka i den enkelte bustadstifting sitt standpunkt. Sjå elles vedlegga til saksframlegget:

#### Bustadstiftinga ved Fylkessjukehuset i Lærdal, sjå vedlegg 1:

*«Styret stiller seg positivt til endringa av styresamansetting. Styret ber fylkeskommunen om å yte naudsynt hjelpe til å gjennomføre prosessen.»*

#### Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset i Nordfjordeid, sjå vedlegg 2:

*«I tilfelle det er aktuelt å gjøre endringar knytt til kven som nemner opp representantar til styret for bustadstiftinga ved Nordfjord sjukehus, meiner vi at følgjande modell bør kunne vere aktuell:*

- *Nordfjordkommunane (Nordfjordrådet) oppnemner ein representant til styret. Dette m.a. sett i lys av Samhandlingsreforma, der Nordfjordkommunane m.a. har inngått forpliktande samarbeid med Helse Førde HF knytt til både legevaktsentral og sengeavdeling lokalisert til Nordfjord sjukehus.*

- *Helse Førde HF oppnemner ein representant til styret, dette som leigetakar.*
- *Fylkeskommunen oppnemner ein representant til styret, dette som regionalpolitisk aktør.»*

#### Bustadstiftinga ved sentralsjukehuset i Sogn og Fjordane, sjå vedlegg 3 og 4:

Brev dagsett 25.06.2014:

«Styret i bustadstiftinga ved sentralsjukehuset vedtok på styremøte 29.4.2014 å starte endringar i gjeldande vedtekter. Dette skjedde etter at vi gjennom lengre tid har forhandla med Helse Førde om endringar i leigekontrakta. I møteprotokollen, sak 04/14, vart følgjande notert:

##### Endring av vedtekten i Stiftinga

Med bakgrunn i at Helse Førde har meldt at behovet for større leilegheiter er mindre, må stiftinga sjå på moglegheiter til å leige desse ut til andre enn tilsette på sentralsjukehuset. Andre kan vere studentar og tilsette ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, eller andre. Tilsette ved sentralsjukehuset skal framleis ha høg prioritet, men omsynet til ei forsvarleg forvaltning av eigedomane tilseier endring i føremålet.

Styret er også indirekte blitt gjort kjent med at fylkeskommunen, ut frå eigarskaps-meldinga, ønskjer å overføre oppgåva med val av styrerepresentantar i stiftingane til styret i helseføretaket. Når stiftinga endrar formål til også å omfatte studentar og tilsette ved Høgskulen eller andre, vil det vere naturleg at Førde kommune tek oppgåva med å utnemne styret i stiftinga. Aktiviteten til stiftinga vil etter dette i enda større grad enn tidlegare støtte opp om utviklinga i Førde-samfunnet. Med dette som bakgrunn, er det laga framlegg til endra vedtekter som låg ved innkallinga til styremøtet.

Styret såg på endringane som naudsynte ut frå utviklinga som har skjedd, og godkjente samråystes framlegget til endringar. Førde kommune skal kontaktast for å få ei godkjenning om dei vil ta oppgåva med å utnemne styremedlemer. Deretter må fylkeskommunen gje fråsegn til endringane i vedtekten, før Stiftingstilsynet godkjenner endringane. Deretter kan dei nye vedtekten sendast til Brønnøysund-registra.

... Bustadstiftinga ved sentralsjukehuset eit styrevedtak på at Førde kommune bør velje styremedlemene. Dette meiner vi er viktig ut frå habilitetsomsyn.»

Brev dagsett 29.08.2014:

«Styret i stiftinga kjem med eit innspel om å endre denne praksisen [at fylkesutvalet peikar ut medlemmer til styret], der styret vert valt av Førde kommune.

... Årsaka til at styret ønskjer endringar, er at det har skjedd utvikling i behovet for type bustader, frå opprettiging av stiftinga i 1975 og fram til i dag.

... I forhandlingar vi har med føretaket om endra prisar på renoverte leilegheiter, kjem det fram at behovet [til Helse Førde] for dei største leilegheitene er mindre, det er størst behov for to / tre- roms leilegheiter. Det betyr at stiftinga har utfordringar med å få tilfredsstillande inntekt på dei største leilegheitene.

... Styret må difor tenke utvikling mot mindre leilegheiter i framtida. Til det trengs tomtegrunn, og vi har peika på eit område i Vieåsen, som er eigd av kommunen... Styret ser det som viktig at samarbeidet med kommunen er godt. Stiftinga har inndeia eit samarbeid med Høgskulen, fordi deira bustader ligg i same område som våre bustader, ein del tenester grip inn i kvarandre. For å utnytte bustadmassen på beste måte, må utleige til andre nyttast. Omsynet til at tilsette ved sjukehuset skal ha prioritet, må alltid ivaretakast.

Desse endringane gjer at Bustadstiftinga blir ein endå viktigare aktør i Førde-samfunnet. Styret meiner difor at det er naturleg at det er Førde kommune som vel medlemer til styret i stiftinga.»

#### **4. Vurderingar og konsekvensar**

Det låg til grunn følgjande vurderingar i saksframlegget for fylkestinget sitt vedtak i sak 46/12:

**Bustadstiftingane ved sjukehusa på Eid, i Lærdal og i Førde:** Stiftinga har sidan Helse Førde overtok sjukehusa den 1.1.2002 leigt ut bustadmassen til Helse Førde. Helse Førde er leid inn i funksjonen som dagleg leiar/forretningsførar.

*I merknadene til dei einskilde bustadstiftingane går det fram at fylkeskommunen ikkje lenger har bruk for stiftingane etter at ansvaret for dei tilsette ved sjukehusa er overteke av Helse Førde. Eit alternativ har derfor vore å oppheve stiftinga, men dei tilsette ved sjukehusa treng framleis husværa. I merknaden går det fram at fylkeskommunen kan søkje om vedtektsendring slik at det vert Helse Førde som skal velje styret. Pr. i dag er det fylkesutvalet som vel heile styret. Ved ei slik endring vil ikkje fylkeskommunen lenger ha noko ansvar overfor stiftingane. Fylkesrådmannen tilrår difor at fylkesutvalet får fullmakt til å gjere naudsynte tiltak slik at Helse Førde for framtida vel heile styret i bustadstiftingane.*

Opprettar var tidlegare sjukehuseigar og oppretta stiftinga blant anna i rekrutteringsaugemed. Dette er eit av omsyna som tilseier at det er naturleg at oppgåva med å velje styremedlemmar i stiftingane vert ført over til noverande sjukehuseigar, Helse Førde.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har våren 2014 vore i dialog med Helse Førde som stiller seg positive til å overta denne oppgåva.

To av stiftingane er ikkje samde med fylkeskommunen i vedtaket om å overføre valretten til Helse Førde. Det er ulike grunngjevingar og forslag til kven som bør ha valretten, og dei bør handsamast kvar for seg.

Det må takast stilling til om det er naudsynt at stiftingane har likelydande reglar om kven som har valrett. Stiftingane er organisert som eigne stiftingar og er ikkje juridisk bunde saman. Vidare er stiftingane ikkje avhengig av kvarandre i den daglege drifta. Dette talar for at det kan vere ulikt regulert kven som skal ha valretten ut frå stiftinga verksemd og føremål.

På den andre sida vil det vere unaturleg at sjukehuseigar, Helse Førde, berre har valretten ovanfor enkelte av bustadstiftingane og ikkje andre. Det vil hindre potensiell heilskapleg tenking frå sjukhuseigar si side. Det talar for at Helse Førde anten har heilt eller delvis valrett til styra i alle tre stiftingane, eller ikkje i det heile teke.

Det presiserast at verken opprettar eller andre med grunnlag i eigedomsretten til stiftinga sine midlar har høve til å utøve styring over stiftinga si verksemd eller gjere krav på del i stiftingane.

#### Bustadstiftinga for sentralsjukehuset i Sogn og Fjordane (BSSF)

Bustadstiftinga for sentralsjukehuset i Sogn og Fjordane framhevar hovudprioriteten med stiftinga framleis skal vere dei tilsette ved sentralsjukehuset, men at føremålet vidare skal opne for andre leigetakrar, t.d. tilsette og studentar ved høgskulen. Stiftinga meiner at dei gjennom det utvida føremålet vil ha eit samfunnsoppdrag som omfattar fleire grupper i Førde og meiner difor at Førde kommune bør ha valretten. Vidare er stiftinga i gang med å planlegge nytt bustadprosjekt og har peika seg ut eit område som er eiggd av kommunen. Styret meiner difor det er viktig at samarbeidet med kommunen er godt.

Fylkesrådmannen ser det som positivt at stiftinga aktivt jobbar med å møte framtida og tek sikte på å utvikle bustadmassen dei skal leige ut i tråd med behovet til målgruppa. Fylkesrådmannen ser likevel ikkje at eit godt samarbeid med kommunen, som i dette tilfelle er tomteigar, er avhengig av at kommunen får valrett til styret i stiftinga.

Utover dette tek fylkesrådmannen ikkje stilling til kor vidt stiftinga bør utvide sitt føremål til det stiftinga omtalar som eit samfunnsoppdrag. Fylkesrådmannen er likevel av den oppfatning at ei slik omdanning bør skje med involvering av sjukehuseigar. Som tidlegare sjukehuseigar oppretta fylkeskommunen stiftinga m.a. i rekrutteringsaugemed og hovudmålgruppa var, og vil framleis vere, dei tilsette ved sentralsjukehuset. Det er dermed naturleg å overføre valretten til den nye sjukehuseigaren. På den måten sikrar vi at føremålet med stiftinga vert vidareført og at ei utviding av føremålet til eit samfunnsoppdrag skjer med involvering av dagens sjukehuseigar.

Stiftinga meiner også at det er viktig at Førde kommune får valretten av habilitetsomsyn. Det er ikkje gjort nærmere greie for kva stiftinga legg i dette. Fylkesrådmannen har oppfatta at stiftinga ser for seg ei mogleg rolleblanding frå Helse Førde si side, når føretaket på den eine sida skal velje styret og på den andre sida per i dag er einaste leigetakar til bustadmassen.

Til det vil fylkesrådmannen peike på at situasjonen var den same når fylkeskommunen var sjukehuseigar. Det er ikkje gjort kjend for fylkesrådmannen at det er nye høve som tilseier ei anna organisering. Andre bustadstiftingar har ikkje gjort gjeldande at det vil oppstå utfordringar knytt til rolleblanding og habilitet dersom Helse Førde overtek valretten. Fylkesrådmannen legg til

grunn at den som skal ha valrett til styret tek omsyn til habilitetsregelen i stiftingslova § 37 når dei vel sine medlemer.

Det ligg i stiftinga sin natur at ein opprettar eller annan som trer inn i hans rolle, ikkje skal kunne styre verksemda i den retning vedkomande ynskjer. Det talar for at det ikkje er avgjerande for dagens sjukehuseigar å få overført valretten til styra. På den andre sida meiner fylkesrådmannen at det er urimeleg at dagens sjukehuseigar ikkje skal få høve til å ha innflytelse på føremålet med stiftinga fordi regelverket hindrar dei i å overta rolla som opprettar samstundes med at oppgåva som sjukehuseigar er overført. Opphavleg var fylkeskommunen sitt ynskje å overføre rolla som opprettar til ny sjukehuseigar. Det er det etter gjeldande regelverk ikkje mogleg å få til. Overføring av valretten tek sikte på at ny sjukehuseigar får overført det ansvaret tidlegare sjukehuseigar hadde ovanfor stiftingane.

Fylkesrådmannen ser likevel at stiftinga kan vere tent med at Førde kommune, som vertskommune for sentralsjukehuset og stiftinga, og samarbeidsaktør om bustadutvikling, har ein valrett til styret. Ein slik valrett vil kunne sikre god dialog mellom partane. Som eit alternativ til organisering av valretten tilrår difor fylkesrådmannen at Førde kommune får valrett til to medlemer i styret, medan Helse Førde peikar ut to medlemer, der i blant styreleiaren. På den måten er fleire omsyn som er drøfta ovanfor teke i vare gjennom valretten.

#### Bustadstiftinga for fylkessjukehuset på Nordfjordeid (BFN)

Bustadstiftinga for fylkessjukehuset på Nordfjordeid foreslår ein alternativ modell for organiseringa av valretten som ligg nær opp til fylkesrådmannen si tilråding i saka. I BFN sitt forslag skal Nordfjordrådet (kommunane i Nordfjord), Helse Førde og Sogn og Fjordane fylkeskommune peike ut kvar sin medlem til styret.

Mange av dei omsyna som er omtala under avsnittet om BSSF gjer seg for så vidt gjeldande for denne stiftinga. Fylkesrådmannen ser difor ikkje behovet for å gjennomgå desse vurderingane på nyt. Fylkesrådmannen vil likevel understreke det stiftinga sjølv har nemnd som eit argument for delt valrett; samhandlingsreforma mellom kommunane og Helse Førde. Fylkesrådmannen si tilråding er at Nordfjordrådet peikar ut ein medlem til styret, medan Helse Førde peiker ut to medlemer til styret, blant dei styreleiaren.

#### Bustadstiftinga for fylkessjukehuset i Lærdal (BFL)

Stiftinga har i utgangspunktet stilt seg bak fylkestinget sitt vedtak om å overføre valretten til Helse Førde. Det er likevel hensiktsmessig at valretten vert organisert tilsvarende som for dei andre stiftingane.

Det same argumentet som er nytta i høve bustadstiftinga for fylkessjukehuset på Nordfjordeid, gjer seg også gjeldande ovanfor stiftinga i Lærdal (samhandlingsreforma). Det er såleis naturleg at Sogn Regionråd vert den som er med å velje styre i bustadstiftinga for fylkessjukehuset i Lærdal. Fylkesrådmannen har vore i kontakt med stiftinga om dette, men har ikkje fått avklara spørsmålet med Sogn Regionråd før saka vart sendt ut. Dette må vi difor få høve til å klårgjere.

Fylkesrådmannen si tilråding er Sogn Regionråd peikar ut ein medlem til styret, medan Helse Førde peiker ut to medlemer, blant dei styreleiaren.

#### Kort om styreval i stiftingane

Etter stiftingslova § 28 er styremedlemene si tenestetid på 4 år, med mindre noko anna er fastsett i vedtekten. For dei tre bustadstiftingane er dette regulert i vedtekten og lova si tenestetid gjeld for styremedlemene. Ved delt valrett bør det vurderast å regulere valintervall slik at delar av styret er på val annakvart år. Dette vil kunne sikre kontinuitet i styrearbeidet og det må vurderast særskilt ut frå det aktuelle styret sine arbeidsoppgåve om det er behov for ei slik organisering av styrevalet.

Det følgjer av stiftingslova § 26 (2) at styreleiari vert valt av styret, med mindre det ikkje er bestemt noko anna i vedtekten.

## **5 Konklusjon**

Fylkesrådmannen tilrår at fylkestinget vedtek ei alternativ organisering av valretten, slik at det vert ein delt valrett mellom Helse Førde og hhv. Nordfjordrådet, Sogn Regionråd og Førde kommune.